Kommunen ønskjer å legge til rette for helsefremjande levekår som bidreg til at barna får utvikle seg i et sosialt berekraftig oppvekstmiljø. Det skal takast særlig omsyn til trafiksikre snarvegar, gang- og sykkelforbindelsar og varierte aktivitetsområde.

Om eit område er i bruk til leik kan m.a. dokumenterast gjennom barnetråkkregistreringar. Ved vurdering av erstatningsareal bør tilsvarende kvalitet, avstand, tilgjenge, funksjon og storleik på arealet leggjast til grunn.

Barn og unge skal inviterast til å medverke i saker som angår dei, så tidlig som mulig. Registreringar av barnetråkk og oppsummeringar av medverknadsarbeid med barn og unge i oppdatert stadanalyse for sentrum og mogelegheitsstudiar for krinsane, kan nyttast som dokumentasjon i plan- og byggesaker.

Behov for ny kunnskap gjennom supplerande barnetråkkregistrering eller andre opplegg samt andre aktuelle deltakargrupper vurderast saman med barnerepresentant.

I planarbeidet kan temarettelias T-1513 og rundskriv T-2/08 «Om barn og planlegging» nyttast

6. Landskap og grønstruktur (PBL. § 11-9, nr. 6)

Vurdering etter naturmangfaldlova

Alle planforslag som vedkjem natur skal vurderast etter naturmangfaldlova sitt kapittel II.

Lokalitet av viktige naturtypar og artar av særlig stor eller stor nasjonal forvaltningsinteresse skal bevarast og utviklast i den grad det er praktisk mogeleg.

Retningslinjer:

Ved all flytting av lausmassar eller andre massar skal den ansvarlige sørge for at det ikkje vert spreidd framande organismar som kan medføre uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet, jf. naturmangfaldlova kap. IV og forskrift om framande organismar.

Byggegrenser i strandsone og ved sjø

Byggegrenser i vedtekne reguleringsplanar skal gjelde.

For eksisterande bustadområder som grensar til sjø og for LNF-områder med høve til spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader, er byggegrense til sjø sett til 25m.

Byggegrense til sjø for tiltak i område utlagt til næring, naust og småbåthamner vert sett til 0 m. For alle andre føremål gjeld 100 meter byggeavstand jf. pbl §1-8.

Vassdrag

Langs vassdrag skal naturverdiar, landskap, kulturminne og friluftsinnteresser ivaretakast.

Andre tiltak enn fasadeendringar etter pbl. § 1-6 første ledd, er ikkje tillate innanfor grøntkorridoren. Forbodet gjeld ikkje der anna byggjegrænse går fram av reguleringsplan.

Tiltak kan ikkje plasserast nærare bekk enn 20 m. Solnørelva skal tilsvarande ha ei byggjegrænse på minimum 100 m.

Bekkar og elvar skal haldast opne og i si naturlige form, med tilstrekkeleg kantvegetasjon i ei breidde på 5 m til kvar side (jf. vassressurslova § 11).

Retningslinjer:

Kommuneplanen sin arealdel viser grøntkorridorar langs vassdraga. Avgrensinga her er retningsgivande for kvar denne føreseigna skal gjelde.

Tiltak som fremjar friluftslivet kan tillatast, så framt viktige økologiske og/eller landskapsmessige funksjonar vert ivaretekne.

For område innanfor nedslagsfelt for drikkevasskjelde gjeld omsynssone med eigne føreseigner.

Lukka vassvegar bør opnast og restaurerast i den grad det er praktisk mogeleg.

Endring av bekk- og elveløp og ev. lukking av bekk skal normalt godkjennast av NVE.

7. Teknisk infrastruktur, klimatilpassing, miljøkvalitet og samfunnssikkerheit

ROS-analyse

Samfunnssikkerheit og beredskap skal ivaretakast i arealplanlegginga. Vurdering av risiko skal inngå i reguleringsplanar og i byggesakshandsaming. Alle reguleringsplanar skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. pbl. § 4-3.

Retningslinjer:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd ei sjekkliste for ROS-analysar, denne kan nyttast som utgangspunkt for ROS-analyse om hensiktsmessig i reguleringsplanar. Det visast også til ROS-analyse til arealdelen, jf. krinsvise vurderingar ROS m.m.

Krav om VA-rammeplan

For alle planforslag med busetnad og anlegg skal det som hovudregel utarbeidast en VA-rammeplan (overordna vass- og avlaupsplan).

Rammeplanen skal samordne VA-løysingar med tilgrensande planar eller område. Den skal utarbeidast i samsvar med krava i til ei kvar tid gjeldande VA-norm.

Retningslinjer:

VA-rammeplan skal m.a. kartleggje og sikre areal for overvasshandtering og om mogeleg beskrive korleis løysingane kan gi nye bruksmessige og synlege kvalitetar i det offentlige rom. Terreng- og overflateutforming, grønstruktur, vegetasjon og overvasshandtering skal samordnast.

Norsk vann har utarbeidd rettleiar (rapport 190/2012) for klimatilpassingstiltak innan vatn og avløp i kommunale planar. Rettleiaren kan nyttast som eit hjelpemiddel i å oppnå betre integrering av klimatilpassingstiltak og inkludere dette i kommunen sitt planarbeid.

Overvasshandtering

Alle planforslag skal beskrive korleis overvatn handterast i planområdet, og nedstraums planområdet.

Retningslinjer:

Til ei kvar tid gjeldande VA-norm set krav til og gjev ei nærare skildring av overvasshandtering og kva løysingar som bør vurderast.

Særskild merksemd skal rettast mot konsekvensane av auka avrenning på grunn av ombygging frå grøne til tette flatar. Skadeførebyggjande tiltak skal om naudsynt beskrivast innanfor og nedstraums planområdet.

Overvatn skal i størst mogeleg grad handterast lokalt, og på en miljømessig riktig måte. Lokal overvasshandtering skal skje i tre trinn; fange opp og infiltrere, forseinke og fordrøye, samt sikre trygge flaumvegar.

Ved bygge- og anleggstiltak i område med fellessystem skal overvassmengda til leidningsnettet søkjast redusert.

Norsk vann har utarbeidd rettleiar (rapport 162/2008) for klimatilpassa overvasshandtering. Rettleiaren kan nyttast som et hjelpemiddel for val av overvassløysingar.

Krav til sløkkevatn

Det skal vere tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet ved alle utbyggingar for å dekke brannvesenet sitt behov.

Brannvassforsyning må vere i tråd med byggteknisk forskrift (TEK) sine føresegner og blir elles regulert av brann- og eksplosjonsvernlova, drikkevassforskrifta og kommunen si til ei kvar tid gjeldande VA-norm.

Retningslinjer:

VA/Miljø-blad nr. 82, Vann til brannslukking, gir ei innføring i regelverk for sløkkevatn.

Flaumvegar

Naturlige flaumvegar skal i størst mogeleg grad bevarast. Der det er behov, skal det avsetjast areal for nye flaumvegar. Bygningar og anlegg ved flaumvegar skal utformast slik at tilstrekkelig sikkerheit vert oppnådd.

Retningslinjer:

Dersom system for overvatn vert overbelasta, tetta til eller øydelagt skal det finnast eit system for avrenning (flaumveg) på overflata som vatnet kan renne bort på utan uakseptable skadeverknadar. Slike flaumvegar kan vere vegar, parkeringsplassar, grøfter m.m.

Utbyggingsplanar bør ha vurdert konsekvensane og behovet for flaumvegar ved heilt ekstreme nedbørsituasjonar som har skjedd i Noreg/Norden dei siste åra, dvs. meir enn 60 mm nedbør på ein time og meir enn 100 mm nedbør på to timar. I slike situasjonar kan og bør påreknast at også vegane vert tekne i bruk som flaumvegar.

Havnivåstigning (stormflo)

Reguleringsplanar og tiltak etter pbl. § 20-1 som ligg i strandsonen skal planleggjast og utformast slik at tilstrekkeleg sikkerheit vert oppnådd, jf. TEK 17.

Sikkerheitsklasse F1 med gjentakintervall for stormflo på 20 år:

For Skodje kommune inneber dette at bygg skal plasserast minimum 240 cm over middelvatn.

Sikkerheitsklasse F2 med gjentakintervall for stormflo på 200 år:

For Skodje kommune inneber dette at bygg skal plasserast minimum 260 cm over middelvatn.

Sikkerheitsklasse F3 med gjentakintervall for stormflo på 1000 år.

For Skodje kommune inneber dette at bygg skal plasserast minimum 270 cm over middelvatn.

Vind- og bølgepåslag må vurderast særskilt i den einskilde sak, og leggjast til den utrekna høgda for å finne trygg byggjehøgde/kote.

Retningslinjer:

Behov for risikoreduserande tiltak bør alltid vurderast.

Vurderingar av havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad skal utførast i samsvar med rettleiar «Havnivåstigning og stormflo – Samfunnsikkerhet i kommunal planlegging» - Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.

Forureina grunn

Alle tiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at forureining frå grunnen ikkje kan føre til helse- eller miljøskade.

Retningslinjer:

I område der det er sannsynlig å anta at det kan vere forureina grunn, skal tiltakshavar sørge for at det vert utført naudsynte undersøkingar for å få klarlagt omfanget og verknaden av ei eventuell forureining. Dersom forureining påvisast, skal det utarbeidast og godkjennast tiltaksplan jf. forureiningsforskrifta kap. 2.

Ved etablering av leikeareal skal grunnen tilfredsstille tilstandsklasse 2 i klima- og forureiningsdirektoratet sin rettleiar TRA-2553/2009, eller etterfølgjande revisjonar av denne. Klima- og forureiningsdirektoratet sin rettleiar for undersøking av jordforureining i nye barnehagar og leikeplasser TA-2261/2007, eller etterfølgjande revisjonar av denne, bør nyttast for planlegging av undersøkingar og tiltak.

Støy

Alle tiltak skal planleggjast slik at støytilhøva innandørs og utandørs er i samsvar med gjeldande regelverk.

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442/2016, eller etterfølgjande revisjonar av denne, skal leggjast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl. § 20-1. Retningslinjene skal også følgast ved planlegging av landingsplass og nye trasear for helikopterflyging.

Støyskjerming skal ikkje vere dominerande og skal ha god visuell kvalitet.

Retningslinjer:

Statens vegvesen sitt støyvarslingskart for hovudvegnettet skal leggjast til grunn ved vurdering av støypåverknad og behov for utgreiingar. Jf. temakart støy.

Støyande næringsverksemd bør ikkje etablerast i same bygning som bustader. I plan- og byggjesaker for støyande næringsverksemd skal det fastsetjast maksimumsgrense for støy i tidsrommet kl. 23-07 og på søndagar- og heilagdag, maksimumsgrenser for dag og kveld samt ekvivalente støygrenser.

Med støyfølsom arealbruk meinast skular, barnehagar, bustadhus, pleieinstitusjonar og rekreasjonsareal.

Med planforslag eller søknad om ny busetnad eller om anlegg som kan produsere auka støy, skal det følgje ei støyfagleg utgreiing med berekning og kartfesting av støysoner, samt vurdering av verknader på nærliggande støyømfintleg bruk, med forslag til avbøtande tiltak og ei vurdering av effekten av tiltaka.

Luftkvalitet

Alle tiltak skal planleggjast slik at luftkvaliteten innandørs og utandørs vert tilfredsstillande.

Retningslinjer for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520, eller seinare revisjonar av denne, skal leggjast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl. § 20-1.

Retningslinjer:

Det er ikkje utarbeidd luftsonekart for kommunen. Luftforureining og tiltak mot luftforureining må utgreiast i område som kan være utsett for luftforureining:

- Områder i nærleik av vegar med årsdøgntrafikk over 8.000 kjøretøy/døgn
- Områder i nærleiken av tunnelopningar og store hamneområde
- Områder i nærleiken av anna luftforureinande verksemd

Areal under marin grense jf. Temakart marin grense (kvikkleire)

I område under marin grense skal førekomst av kvikkleire og eventuell rasfare vurderast av fagkunnige. Sikringstiltak må gjennomførast før ev. løyver vert gitt.

Magnetfelt

Enkelte tiltak (som skule, barnehage og bustad) skal ikkje plasserast i område med magnetfelt over 0,4 μ T, jf. Strålevernet si rettleiing «Busetting nær høgspantanlegg».

Dersom det er usikkert om tiltak kjem innanfor magnetfeltnivå på over 0,4 μ T, skal det gjennomførast analyse og avklarast behov for avbøtande tiltak.

8. Parkering (PBL § 11-9, nr.5)

Bustader skal på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter, ha 2 oppstillingsplassar for kvar bueining (jf. tabell). Parkeringsplassane skal vere tilknytt bueiningane.

Det skal setjast av areal for oppstilling av sykklar på eigen grunn i samsvar med tabellen under.

Ein biloppstillingsplass skal minimum reknast med 19.5 m² i utrekninga av BYA. For blokk, konsentrert småhusbusetnad og offentleg verksemd er det krav om sykkeloppstilling, som skal reknast med minimum 2 m² per plass. Sykkeloppstilling skal ikkje reknast med i BYA.

FØREMÅL	Tal p-plassar(pr. bueining min)	Sykkelplassar(pr. bueining min.)
Frittliggende småhus	2	1-3
Konsentrert småhusbusetnad	2	1-3
Blokk		1-3

	2, i tillegg til ein for kvar 3. bueining til gjesteparkering.	
Rorbu/hytte/fritidsbustad/naust	1	1-3

Det skal leggst til rette for etablering av ladestasjonar for elbil.

Biloppstillingsplasser skal kunne nyttast uavhengig av kvarandre.

Biloppstillingsplassar reservert for rørslehemma skal utgjere 10 % av dei første hundre parkeringsplassane og deretter 5 % for dei neste. Ved kontor og publikumsretta verksemd skal det reserverast 0,1 plass per 150 m² BRA for rørslehemma. Det skal vere minimum 2 plassar ved kontor og publikumsretta verksemd. Biloppstillingsplassar for rørslehemma skal vere nær/ligge inntil hovudinngang. Ein HC-parkeringsplass skal minimum ha breidde på 4,5 meter og ei lengde på 6 meter. Parkeringsplassen skal ha tydeleg merking.

Unntak

I staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal som nemnd, kan kommunen godkjenne at kravet om biloppstillingsplassar vert dekt i separate anlegg eller på areal som er regulert til trafikkområde - parkering, når dette kan betre parkeringsforholda.

Næringsparkering skal etablerast i samsvar med bestemmelsar i vedteken reguleringsplan.

Dispensasjon og krav til kompensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå desse føresegnene, og krevje utarbeidd særskilde planar for spesielle område. Der krava i føresegnene ikkje kan oppfyllest, skal det krevjast kompenserande tiltak.

Retningslinjer:

Ved berekning av tal på parkeringsplassar gjeld vanlege avrundingsreglar.

9. Senterstruktur

Skodje sentrum

Skodje sentrum skal styrkast gjennom konsentrering av detaljvarehandel og servicetilbod, offentleg funksjonar, samt sentrumsfunksjonar og kulturopplevingar. Skodje sentrum definerast som eit lokalt handels- og tenestesenter, som skal tene dei som bur i Skodjebygda, og dei krinsane som ligg nærast Skodjebygda.

Skodjebygda skal ha status som ein bærekraftig tettstad, og vil inngå som ein viktig del av stor-Ålesund. Bukvalitetane i Skodje sentrum skal styrkast med attraktive og varierte husværetyper og gode uteområde.

Digernes næringsområde

Digernes skal vidareutviklast som eit knutepunkt for transport og logistikk, handel, arealkrevjande verksemd samt offentleg føremål. Offentlig verksemd kan vere funksjonar med eit regionalt nedslagsfelt for den samanslåtte kommunen (jf. intensjonsavtale for nye Ålesund, juni 2017).

Valle

Det kan etablerast daglegvarebutikkar og andre handelsverksemdar. Etableringa skal tilpassast kundegrunnlaget i nærområdet.

Retningslinjer:

Det leggst elles til grunn at handelen som etablerast i Digernes næringsområde er såkalla i «big boxes» (handel i bygg som krev stort areal, utan at vareutvalet er plasskrevjande), som kan bidra til å avlaste sentrumsområder og med verksemdar som har eit regionalt nedslagsfelt.

Plasskrevjande vareutval omfattar bilar og motorkjøretøy, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer og sal frå planteskular/hagesenter, båtar, møblar, tepper samt kvite- og brunevare (jf. Fylkesdelplan for attraktive byar og tettstader).

II. Føresegner og retningslinjer for arealformål

10. Bygningar og anlegg (pbl § 11-7, nr. 1)

Det skal ved utbygging leggst vekt på tilpassing til eksisterande busetnad i området.

For nye og eksisterande bustadområder gjeld at det skal leggst vekt på tilpassing og lokal byggeskikk i form og materialbruk. Bygningar skal tilpasse seg til eksisterande terreng, landskap og bygningsmiljø i volum, høgde og farge. Nybygging og fortetting skal ikkje forringe det eksisterande bumiljøet sine kvalitetar.

Ved nybygging og fortetting i eksisterande bustadområde skal trafikkauke og naudsynte tiltak vurderast. Grønstrukturane skal ivaretakast, desse områda skal ha kvalitet også etter fortettinga/utbygginga.

Det kan ikkje etablerast tomter for einebustader som er mindre enn 600 m².

Ved utbygging med meir enn 2 bueiningar i etablert bustadområde, skal det utarbeidast reguleringsplan.

Retningslinjer:

Gjeldande rettleiar for utnytting (tilsvarande H2300B Grad av utnytting) skal leggjast til grunn for målereglar, definisjonar m.m.

I samband med nye tiltak skal det leggjast stor vekt på terrengtilpassing og det skal gjerast færrast mogeleg terrenginngrep. Der andre føresegner ikkje legg føringar skal eksisterande landskap/terreng og grøntdrag vere førande ved plassering av ny busetnad.

Med terrengtilpassing meinast at busetnaden skal ha god terrengmessig tilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet, naturgitte føresetnader, sikkerheit, helse, miljø, tilgjenge, brukbarheit og energibehov. Byggverk skal plasserast slik at det takast omsyn til lys- og soltilhøve, samt lyd- og vibrasjonsforhold jf. pbl. § 29-1 til § 29-4.

Med terrenginngrep meiner ein sprenging, graving, masseuttak, skjering, fylling eller planering av terreng. Terrenginngrep skal visast på utomhusplanen og vere ein del av byggesøknaden og handsaminga av denne.

Bygningar og infrastruktur skal tilpassast terrenget (og ikkje omvendt) Det skal leggjast opp til minst mogleg terrenginngrep i tomtene, og husa skal tilpassast terrenget omkring. Høgdeskilnader skal fortrinnsvis utjamnast med skråningar/bygg. Mur kan nyttast for å oppnå auka kvalitet på viktige delar av uteområdet

Kommunen kan setje krav til dimensjonering av teknisk infrastruktur.

11. Bukvalitet

Med bukvalitet meiner vi kvalitetar med bustaden sin omgjevnader utover den enkelte bustad. Det skal leggjast til rette for en variasjon av tettstads- og bumiljø med ei samansetning av bustader som sikrar butilbodet til ulike grupper av kjøparar og ei blanda befolkningsamansetning.

Bukvalitet og gode sosialt berekraftige bumiljø skal bidra til å hindre sosial ulikheit med omsyn til bustadtilhøve. Variasjon av tilbod skal gi større fridom og fleire val for kjøparar av bustad, og sikre stabile bumiljø.

Minste uteopphaldsareal (MUA) for bustad skal fastsetjast gjennom reguleringsplan.

Retningslinjer:

Bustadprosjekt bør supplere eksisterande bustadmasse med dei bustadtypar som manglar. Ved utbygging av større område bør området ha ei heilskapleg utforming og eit arkitektonisk særpreg som er interessant for eit breitt publikum. Felles goder i form av tilgang til nye verdifulle friområde skal sikrast.

Busetnaden skal ha estetiske kvalitetar både inne i den einskilde bueining, i fellesareal og mot omliggjande busetnad. Uterom og fellesfunksjonar skal inkludere eit breitt spekter av brukarar, og vere uformelle uteplassar for hele bumiljøet. Gode sol- og lysforhold skal ikkje vike i ein fortettings- eller tettstadssituasjon.

Arkitekturen bør ivareta området sine viktigaste kvalitetar av omsyn til omliggjande busetnad, eksisterande terreng og grønstruktur, sol- og lystilhøve, siktliner m.m. Analyse av eksisterande situasjon er eit viktig hjelpemiddel for å ta prinsipielle val når det gjeld bygningstypar og for å skape variasjon.

12. Krav til leikeareal for bustad

Ved utbygging av nye bustadområde skal leikeplassar vere ferdigstilt før det vert gitt bruksløyve for første bueining.

Alle bueiningar skal ha tilgang til nærleikeplass, og ein større leikeplass som kvartalsleikeplass og/eller eit sentralt leikefelt i gangavstand frå bueiningar i samsvar med tabellen under. Privat uteareal kjem i tillegg.

Nye bustadprosjekt skal bidra til å løyse sin del av behovet for nye leikeplassar i eit område. Ei vurdering av leikeplasstilbodet i bustadprosjektet og i nærområdet skal alltid følgje plan- og byggesaker, slik at bustadprosjektet kan supplere eksisterande tilbod på ein god måte.

Ved nye planar og byggetiltak med 5 – 50 bueiningar $>55 \text{ m}^2$, eller fleire enn 10 bueiningar $<55 \text{ m}^2$ skal det setjast av minimum 36 m^2 per bueining til leikeareal. Frå den 51. bueininga reduserast kravet til 16 m^2 per bueining.

Areal utløyyst av denne føresegna fordelast på leikeplasstypene 1, 2 og 3 etter tabellen under, og med utgangspunkt i ein vurdering av leikeplasstilbodet i nærområdet.

LEIKEPLASSTYPER		MAKS. AVSTAND FRA BUEINGA	MINIMUM STORLEIK
1	Nærleikeplass <i>(min 1 per 20 bueiningar)</i> <i>Krav til nærleikeplass vert utløyst ved 5. bueining på staden</i>	50 m <i>Det skal vere maks. avstand på 50 meter frå bueining til nærleikeplass, og inntil 100 meter frå inngangsparti og til leikeareal.</i>	200 m ²
2a	Liten kvartalsleikeplass <i>(dimensjonert for opptil 50 bueiningar)</i>	100 m	750 m ²
2b	Mellomstor kvartalsleikeplass <i>(dimensjonert for opptil 150 bueiningar)</i>	150 m	1.500 m ²
2c	Stor kvartalsleikeplass <i>(dimensjonert for opptil 600 bueiningar)</i>	500 m	2.500 m ²
3	Sentralt leikefelt <i>(opptil 1200 bueiningar)</i>	500 m	6.000 m ²

Retningslinjer:

I alle plan- og byggesaker skal det dokumenterast korleis både areal og kvalitet for leikeareal er ivareteke, gjennom illustrasjonsplan. I mindre byggesaker (< 5 bueiningar), er dokumentasjonskravet mindre, men ei enkel vurdering skal alltid følgje saka.

Vedlegg til retningslinene viser leikeplassrekneskap for tre ulike utbyggingsprosjekt. Døme viser at utbyggingsprosjekta både må rekne ut kor mange kvadratmeter leikeareal bustadprosjektet utløyser, samt vurdere kva leikeplasstypar som må opparbeidast på grunnlag av talet på bueiningar. Overskytande areal (utover minimum storleik på leikeplass) skal nyttast til leikeareal innanfor utbyggingsprosjektet. Ved plassmangel innanfor planområdet kan det overskytande arealet vurderast brukt til opprusting/utviding av leikeplassar i nærområdet. Minimum storleik for leikeplasstypar skal oppfyllest (jf. tabell).

Utbygger kan bidra til å opparbeide leikeplasser utanfor planområdet dersom dette oppfyller krava til leikeplassar elles. Utbygger vert oppfordra til å sjå etter høve til å samarbeide med tilgrensande område for å bidra til et godt og variert leikeplasstilbod i området.

Barn og unge bør få uttale seg om kva aktivitetar det skal leggjast til rette for og om utforminga av leikeplassar, samt medverke til utforminga. Behov og omfang for medverknad er avhengig av storleik og type plan eller utbyggingsprosjekt/byggetiltak. Det vert sett større krav til medverknad frå barn og unge i større utbyggingsprosjekt.

Kvalitet og innhaldskrav

Leikearealet skal:

- vere godt eigna for variert fysisk aktivitet og som sosial møteplass for alle aldersgrupper
- utformast slik at det kan nyttast til alle årstider
- vere mest mogeleg samanhengande
- vere skjerma mot motorisert trafikk og forureining
- fortrinnsvis lokalisert i stille sone ($L_{den} < 50\text{dB}$). Areal der støynivået er over 55 dB i brukshøgde 1,5 m, skal ikkje reknast med
- ha lun og solrik plassering (min 50 % sol kl. 15.00 ved vårjamndøger og kl. 18.00 midtsomar)
- ha god tilgjenge for mjuke trafikantar. Tilkomst bør så langt råd ikkje kome i konflikt med kjørande trafikk
- utformast etter prinsippa om universell utforming. Minst 50 % av leikeplassen bør vere flatast mogeleg
- Turdrag og stiar utan kvalitet for lek, areal smalare enn 10 m eller brattare enn 1:3, skal ikkje reknast med.

Retningslinjer:

Arealet skal opparbeidast med leikeapparat, parkmessige installasjonar og planerast til, men bør primært ha mest mogeleg av det naturlige terrenget, tre og anna vegetasjon dersom dette i seg sjølv gjev gode leikeareal og opphaldskvalitetar. Installasjonar og anna opparbeiding skal vere av god og varig kvalitet med omsyn til materialval og utføring.

Nye leikeplassar bør alltid sjåast i samanheng med grønstukturen i nærmiljøet. I planlegginga bør det leggjast vekt på at leikeplassar leggst i direkte tilknyting til større samanhengande natur- og grønområder eller i tilknyting til turdrag. Ulike leikeområde i nærmiljøet bør utfylle kvarandre gjennom varierte aktivitetstilbod og installasjonar. Funksjons- og innhaldskrav for dei ulike leikeplasstypene går fram av tabellen under:

LEIKEPLASSTYPAR	INNHALDSKRAV
Nærleikeplass (min. storleik på 200 m²)	Området skal ha minimum sandkasse på 10 m ² på en solrik, lun plass og 3 ulike typar utstyr/leikeapparat meint på aldersgruppe 1-6 år (f.eks. klatrestativ, huske, sklie, balansestokk, vippe). I tillegg skal område ha benk, bord og fast dekke (f.eks. grus stein, asfalt og liknande) på minimum 1,6 x 1,6 m.
Kvartalsleikeplass	Alle typar kvartalsleikeplassar skal ha område for aktivitet og leik samt sitteplass/møteplass. Plass og utstyr skal være tilpassa born i aldersgruppa 6-12 år. Minimum eit av leikeelementa skal være et større, leikeapparat med fleire leikefunksjonar. Utstyr/leikeapparat kan erstattast med stadlige landskapselement som har kvalitetar med tanke på leik og aktivitet (f.eks. klatreskog, akebakke o.l.). <u>Liten kvartalsleikeplass (min. størrelse på 750 m²):</u> Området skal ha minimum 5 ulike typar utstyr/leikeapparat (f.eks. sandkasse, klatrestativ, skateboardrampe, klatrevegg eller andre klatrekonstuksjonar, bordtennisbord m.m.), herunder eit større leikeapparat. Eit apparat kan erstattast med eit landskapselement. <u>Mellomstor kvartalsleikeplass (min. størrelse på 1.500 m²):</u> Området skal ha minimum 8 ulike typar utstyr/leikeapparat (f.eks. sandkasse, balløkke, klatrestativ, skateboardrampe, klatrevegg eller andre klatrekonstuksjonar, bordtennisbord m.m.), herunder 2 større leikeapparat. 2 apparat kan erstattast med 2 landskapselement. <u>Stor kvartalsleikeplass (min. størrelse på 2.500 m²):</u> Området skal dekke behov for plasskrevjande aktivitetar som gjerne appellerer også til ungdom over 12 år (f.eks. treningsapparat). Området skal ha minimum 8 ulike leikeaktivitetar (f.eks. hinderløype, sykkelløype, klatreområde, skatepark, skøytebane, badebrygge m.m.), herunder 2 større leikeapparat, samt ballfelt på minimum 1.000 m². 2 leikeapparat kan erstattast med 2 stadlige landskapselement. Arealet bør innehalde grillmogelgheiter for ungdom og vaksne. Det skal være høve for anlegg av toalett og leskur.
Sentralt leikefelt (min. størrelse på 6.000 m²)	Store, kombinerte møteplasser, leike- og aktivitetsområde i kommunale friområde eller skulegard, for hele nærmiljøet. Leikefeltet skal dekke både vaksne, born og unge sitt behov for aktivitet og rekreasjon. Leikefelt skal ligge lett tilgjengeleg for heile området. I det sentrale leikefeltet kan det også innpassast ballfelt og kvartalsleikeplass, og det skal være høve for anlegg av toalett og leskur.

Kommunen vurderer i kvart tilfelle funksjonskrav og innhald i det aktuelle anlegget, blant anna basert på området sin totale utandørs rekreasjonstilbod, terrengforhold, eksisterande vegetasjon og barnetråkkregistrering.

13. Naust og flytebrygge

Naust

Naust er i denne samanheng bygningar ved sjøen for oppbevaring av mindre båtar, fiskereiskap og båtutstyr, utstyr for dykking og bading og anna utstyr for bruk av sjøen i rekreasjonssamanheng. Naustet skal vere i tradisjonell stil med trekledning og givast ei enkel utforming utan arkar, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnappar eller andre fasadeelement. Det er ikkje høve til å innreie/inndelege for rom til varig opphald, f.eks. til fritidsbustad.

Vinduearealet si dagslysflate skal ikkje oversstige 5% av hovudplanet sitt bruksareal.

Det skal ikkje byggast naust som krev utfylling i sjø eller skjerming i form av molo.

Graving/sprenging utover eit avvik på inntil 1m i forhold til opphavsleg terreng, er ikkje tillate.

Det kan støypast i båtstø frå naustvegg og 2 m nedom flomålet. Voren skal byggjast av naturstein med maksimal høgde 1,5m og breidde 1,5 m.

Det skal vere fri ferdsel i strandsona. Det tillatast ikkje opparbeiding av private uteområde (f.eks. plattingar, benkar, inngjerding o.l.) i tilknytning til naust. Oppføring av flaggstenger, gjerde og rekkverk er ikkje tillate.

Naust tillatast berre oppført i regulerte naustområde. Naust skal i utgangspunktet oppførast frittliggjande. Samanbygging av 2-3 naust kan akseptast om forholda tilseier det. Takvinkelen skal ligge innanfor 35 - 40 grader, og maks. mønehøgde mot sjø er 5,0 m i forhold til naturleg terreng. Totalt bebygd areal skal ikkje overstige $m^2\text{-BYA}=50$.

Utfylling i sjøen og etablering av moloar og bølgevern tillatast ikkje i naustområda.

Retningslinjer:

Den naturlige strandlina skal i størst mogeleg grad bevarast både når det gjeld terreng og vegetasjon. Det kan opparbeidast støer eller vorar. Vor skal utførast i naturstein.

I utgangspunktet bør støer opparbeidast i naturstein, men for å kunne ta ut og drage opp båtane på ein hensiktsmessig måte kan det tillatast at støene blir støypt. Det tillatast ikkje samanhengande støypte støer i tilfelle det byggast saman to eller fleire naust i rekke. Støene skal ikkje overstige breidda på opninga for naustdørene. Støene skal være skilt med stadbunden stein for kvart naust, men ikkje hindre fri ferdsel.

Flytebrygge

Flytebrygger skal primært planleggast for fleire båtar/naust i tilknytning til regulerte naustområde.

Flytebrygge på ubebygde tomter vert ikkje tillate. Flytebrygge på bebygd nausteigedom kan oppførast til sikring av eigaren eller brukaren sin tilkomst. Brygga kan maksimalt vere 2,5 x 5 meter. Ved bygging av landfeste må ein unngå unødig sprengingsarbeid.

Utlegging av flytebryggje krev løyve etter hamne- og farvasslova.

Retningslinjer:

Festeanordningane for landgangar skal avgrensast slik at dei ikkje blir for framtrédande. Det skal leggjast særskilt vekt på terrengtilpassing når ein vurderer plassering.

14. Rorbu

Oppføring av rorbu kan berre finne stad i områder som i reguleringsplan er avsett til føremålet. I reguleringsplanen skal det setjast krav til tilkomsten, parkering og estetisk utforming av området.

Ved byggemelding av rorbu skal det utarbeidast situasjonsplan som detaljert viser plassering av rorbu, biloppstillingsplass, veg, båtstøer m/vor og ev. andre konstruksjonar i strandsona. Rorbu skal plasserast slik at det er mogeleg å unngå sprengingsarbeid, og skal ikkje vere til hinder for den frie ferdselen i strandsonen. Det skal vere ein biloppstillingsplass for kvar rorbu.

Det kan støypast i båtstø frå rorbuvegg og 2 m nedom flomålet. Voren skal byggjast av naturstein med maksimal høgde 1,5m og breidde 1,5 m. Oppføring av flaggstenger, gjerde og rekkverk er forbode. Andre tiltak som har til hensikt å stoppe eller vanskeleggjere lovleg ferdsel er ikkje tillate.

Det skal ved oppføring av nye rorbuer og andre tiltak takast særskilt omsyn til bevaring av overordna grøntdrag og kulturlandskapselement, samt verneverdige bygningsanlegg og kulturminner.

Retningslinjer:

Rorbu er definert som ein bygning med lager/oppbevaring av båt og fiskeutstyr i hovudetasje, og toppetasje som er innreidd for overnatting og opphald over ein avgrensa periode. Innreiinga har ein enkel standard.

Det tillatast kun port i front. Både vindauge og dører må ha gode proporsjonar og høve til resten av bygget.

Kledinga kan vere ståande eller liggjande og bør gå lengst mogeleg ned mot bakken og følgje terrenget. Synleg betongmur bør dekkjast til med kledning.

15. Småbåtanlegg/småbåthamner

Ved regulering av småbåtanlegg skal det leggjast betydeleg vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming av molo og av landarealet mot hamnebassenget. Planen skal vise løysingar for molo, landfeste, tilkomst, parkeringsareal, handtering av avfall med oppsamling av botnstoff etter spyling/båtstell, eventuelle servicebygg og lyssetting av anlegget.

Moloar

Moloar beståande av ikkje bearbeidd steinfylling tillatast ikkje. Materialbruk skal vere plastra naturstein eller betong (plass-støyp, flytande eller i element).

Etappevis utbygging kan tillatast, under føresetnad av at anlegget vert fullført innan en gitt frist og at kvar etappe får en god estetisk utforming.

16. Senterområde

Føremålet er nytta i delar av Skodje sentrum. I senterområdet er det kombinasjonsbruk til føremåla bustad/service/forretning/kontor og allmennyttig føremål.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav.

17. Næringsbebyggelse

Føremålet er nytta på Håhjem industriområde og på framtidig utbyggingsområde på Digernes aust, og omfattar føremåla industri, handverks- og lagerverksemd, næring, transport og logistikkføremål.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav. Som grunnlag for reguleringsarbeidet skal det ligge føre miljøplan som viser korleis næringsarealet er tilpassa omgjevnadene. Det skal takast særskilt omsyn m.a. til tilkomst til grønstruktur og mjuke trafikantar (herunder etablering av gang- og sykkelvegnett).

Etappevis utbygging kan tillatast, under føresetnad av at kvar etappe får ei god estetisk og miljømessig avslutning.

I områda er det ikkje høve til å etablere husvære, eller rom til varig opphald.

Retningslinjer:

Gjennom reguleringsplanarbeid skal det leggjast stor vekt på at områda får ei god arrondering i høve tilliggjande areal og forsvarleg terrengbearbeiding, slik at området framstår heilskapleg i nær og fjernverknad.

Retningslinjer:

Ved reguleringsplanarbeid på Digernes Aust (BN1) gjeld følgjande:

- *Det skal avsettast areal til føremål vegetasjonsskjerm i ytterkant av næringsområda som visuell avgrensing slik at næringsbygg vert mindre eksponert mot omgjevnaden.*
- *Vegetasjonsskjermen skal ha minimum 10 meter breidde og etablerast på same høgdenivå som næringstomta for å oppnå tilstrekkeleg skjerming framføre bygningar.*
- *Vegetasjonsskjermen skal utformast som ein jordvoll med topp minimum 2 meter over bakkenivå på næringstomta.*
- *Det skal nyttast eigna vekstmassar med tilstrekkeleg djupne for etablering av trevegetasjon.*
- *Området skal tilplantast med stadeigne artar. Skjermen bør bestå av blandingsskog bar/lauv.*
- *Snauhogst er ikkje tillate, men området kan skjøttast på ein slik måte at det alltid har skjermingseffekt.*
- *Innanfor føremålsområdet er det ikkje tillate med tekniske inngrep. Gjerde kan tillatast.*
- *Vegetasjonsskjerm skal vere etablert innan det givast bruksløyve.*

18. Forretning

Føremålet er nytta på m.a. del av regulert område til forretning på Digernes næringsområde og på Fylling.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav. Etappevis utbygging kan tillatast, under føresetnad av at kvar etappe får ei god estetisk og miljømessig avslutning.

I områda er det ikkje høve til å etablere husvære, eller rom til varig opphald.

19. Kombinasjonsføremål - forretning – bustad

Føremålet er nytta i Skodje sentrum (BKB1). Områda skal nyttast til kombinasjonsføremålet bustad-forretning. Kontor knytt til verksemdene er tillate.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav. Etappevis utbygging kan tillatast, under føresetnad av at kvar etappe får ei god estetisk og miljømessig avslutning.

20. Næringsbebyggelse - forretning, kontor og industri

Føremålet er nytta m.a. på Håhjem, Stette, Digernes, Glomset og i Furlia. Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav. Som grunnlag for reguleringsarbeidet skal det ligge føre miljøplan som viser korleis næringsarealet er tilpassa omgjevnadene. Det skal takast særskilt omsyn m.a. til tilkomst til grønstruktur og mjuke trafikantar (herunder etablering av gang- og sykkelvegnett).

Etappevis utbygging kan tillatast, under føresetnad av at kvar etappe får ei god estetisk og miljømessig avslutning.

I områda er det ikkje høve til å etablere husvære, eller rom til varig opphald.

Retningslinjer:

Gjennom reguleringsplanarbeid skal det leggst stor vekt på at områda får ei god arrondering i høve tiliggjande areal og forsvarleg terrengbearbeiding, slik at området framstår heilskapleg i nær og fjernverknad.

21. Fritids og turistføremål

Føremålet er nytta på områder for campingplass, og andre turistføremål som t.d. område for hotell på Glomset.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav.

22. Offentleg eller privat tenesteyting

Føremålet for offentlig eller privat tenesteyting gjeld følgende områder:

Skular, barnehagar, omsorgsbygg, kommunehus, kommunalteknisk område. Vidare utbygging av desse areala kan tillatast utan krav om reguleringsplan. Maks utnyttingsgrad er sett til BYA=50%.

Framtidig areal til offentlig eller privat tenesteyting på Digernes (BOP), skal nyttast til soningssenter.

23. Fritidsbebyggelse

Utbygging i nye hytteområde vil utløyse krav om reguleringsplan.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det leggst stor vekt på tilpassing til lokal byggeskikk i form og materialbruk.

Bygningar skal tilpassast kulturlandskap og eksisterande miljø.

I områder med etablert fritidsbebyggelse kan tillatast fortetting. I slike byggeområder skal det utarbeidast reguleringsplan ut over etablering av 2 einingar. Det skal ved utbygging leggjast vekt på tilpassing til eksisterande busetnad i området.

Dette høvet til etablering av fritidsbustader i eksisterande byggeområde gjeld ikkje i 100-metersbeltet til sjø og 50-metersbeltet til vassdrag.

Det skal ved oppføring av ny fritidsbusetnad og andre tiltak takast særskilt omsyn til bevaring av overordna grøntdrag og kulturlandskapselement, samt verneverdige bygningsanlegg og kulturminner

24. Seterstøl

Føremålet er nytta på seterstølar i heile kommunen.

Nybygg og større tilbygg/påbygg av vesentleg karakter vil utløyse reguleringsplankrav. I reguleringsplan skal det leggjast særskilt vekt på bevaring av kulturlandskapselement, samt verneverdige bygningsanlegg og kulturminner.

25. Råstoffutvinning

Føremålet omfattar areal for masseuttak.

Nye områder for råstoffutvinning eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Drift skal skje i medhald av føresegrer i minerallova med gjeldande forskrifter, og vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er myndigheit etter lova.

Ved opphør av drift i etablerte og nye anlegg, kan tilbakefylling av reine jord, stein, samt greiner og røter tillatast. Det er krav om utarbeiding av plan for tilbakefylling. Denne skal vise avslutning mot terreng, avklare behov for drenering av ev. sigevatn og partiklar frå fyllingsmaterialet og andre miljømessige forhold som kan ha verknad for det aktuelle området og tilliggjande areal. Planen skal godkjennast av kommunen.

26. Deponiområde

Større områder for massedeponi kan ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om plan for drifta, som skal godkjennast av kommunen. Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden.

Ved opphør av drift i etablerte og nye anlegg, kan tilbakefylling av reine jord, stein, samt greiner og røter tillatast. Det er krav om utarbeiding av plan for tilbakefylling. Denne skal

vise avslutning mot terreng, avklare behov for drenering av ev. sigevatn og partiklar frå fyllingsmaterialet og andre miljømessige forhold som kan ha verknad. Planen skal godkjennast av kommunen.

27. Idrettsanlegg

Føremålet omfattar eksisterande idrettsanlegg i Skodje sentrum og lysløypeanlegg på Erstad i Engesetdal.

28. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7, nr.2)

Planen viser eksisterande europaveg, fylkesvegar og kommunevegar.

Framtidige gang- og sykkelvegar går fram av plankartet.

Framtidige vegar og tilkomstar til nye byggjeområder er vist i plan som illustrasjonar, og er ikkje juridisk bindande. Vegane må detaljprosjekterast og løyve til tiltak kan ikkje bli gitt før vegprosjekta er regulert.

29. Grønstruktur og friområde (jf. PBL § 11-7, nr.3)

Friområde og naturområde

Eksisterande og nye badeplassar, eksisterande og nye friareal og statleg sikra friområde er sett av til friområde.

Føresegnene til nye reguleringsplanar skal innehalde intensjons- og funksjonsomtalar for dei einskile delar av grønstrukturen. I friområda skal skjøtsel og tilrettelegging skje i samarbeid med kommunen og etter ein godkjent plan. Det er ikkje tillate med flathogst eller dumping av hageavfall.

Ved utarbeiding av nye område- eller detaljplanar skal overordna grønstruktur (utmarksområder, nærturterreng, overordna turdrag og badeplassar) bevarast eller forbeholdast. Tilkomst og snarvegar til desse skal dokumenterast, sikrast og opparbeidast. Det skal leggjast til rette slik at alle bustader har tilgang til overordna grønstruktur innanfor 500m avstand frå bustaden. Overordna turdrag skal ha tilstrekkeleg breidde for å kunne opplevast som naturprega område.

Turvegar

Plankartet viser eksisterande og planlagde turvegar. Tiltaka er søknadspliktige, og skal godkjennast av kommunen.

30. Landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF(R))

Føremålet omfattar areal avsett til naudsynte tiltak for landbruk, natur, friluftsområde (og reindrift). I LNF- områda er det ikkje tillate med ny spreidd busetnad, nærings- eller fritidsbusetnad som ikkje er direkte knytt til landbruksnæring, eller frådeling til slike formål.

Retningslinjer:

Dispensasjon

Det skal utvisast liberal haldning til søknad om dispensasjon for tilbygg og modernisering av eksisterande bebyggelse, herunder riving og oppføring av nye bygningar. Nye bygg må ikkje vere vesentleg større enn ekisterande bygning, der vesentleg større er å forstå som inntil 20% auke.

Områder med vesentlege landbruksinteresser jf. Temakart viktige landbruksområde

Omsynet til landbruksinteressene er vesentlege. I dette området skal det vere ei restriktiv haldning ved handsaming av søknad om tiltak.

Område med viktige friluftslivsinteresser jf. Temakart viktige friluftslivsinteresser

Omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege. Områda langs sjø og vassdrag er særleg viktige med tanke på friluftslivet. I dette området skal det vere ei restriktiv haldning ved handsaming av søknad om tiltak.

LNF-områder med spreidd busetnad

I LNF-områder med spreidd bustadbygging tillatast frittliggende småhusbebyggelse med maks. 8,0 m gesimshøgde og maks. mønehøgde 9,0 m. Maksimal utnyttingsgrad i området er 27% BYA. Innanfor tomte skal det vere plass til garasje og 2 biloppstillingsplassar per bueining. Plassering skal vere vist på situasjonsplan som følger byggemeldinga.

Føremålet gjeld spreidd bustadbygging som ikkje er knytt til landbruksnæring med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar og parkering. Jf. PBL §11-7 nr.5, bokstav b.

På bebygde bustadeigedomar som ligg i LNF-område med spreidd busetnad, kan det oppførast mindre bygningar inntil 25 m² bebygd areal. Bygningane kan ikkje innehalde rom for varig opphald.

I område med spreidd bustadbygging, kan arbeid og tiltak som nemnd i pbl § 20-1 første ledd bokstav a, d, k, l og m ikkje finne stad nærare sjøen enn 25 meter.

Frådeling i dette området vil krevje landbruksmynde si godkjenning.

Kommuneplanen gjev høve til frådelling av nye bustadtomter i planperioden. Nye områder som er avsett til spreidd bustadbygging er merka med LSB i plankart og tabell.

Fordelinga for mulegheit til frådelling av bustadtomter er slik:

ØVIGE DELAR AV KOMMUNEN	TAL PÅ BUSTADER
Mauren	2
Steinset	5
Stavset	7
Straumen	5
Mørkeset	5
Tøssebru - LSB1	4
Innvik	2
Brusdal	5
Jensvika - LSB13	1
Beite – LSB4	3
Ekrol – LSB6	4
Bakken - Engesetdal	5
Ekroll	3
Erstad	5
Fylling	5
Heggebakk - LSB11	1
Heggebakk - LSB10	1
Rabben - LSB12	1
Honningdal – LSB8	3
Glomset/vest for Nerstølvegen – LSB9	5
Øvre Glomset – LSB7	4

Det er ein føresetnad at følgjande vilkår er oppfylte:

- 1) Minste areal på tomtene skal vere på 800 m² og maksimal storleik skal vere 2 da.
- 2) Det skal ikkje givast løyve til frådelling og tiltak dersom dette hindrar vidareutvikling i området.
- 3) Det skal ikkje givast løyve til frådelling og tiltak på dyrka mark, dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde med høg bonitet.

Det skal vere ei byggegrense/buffersone på 30 m frå dyrka mark til ny bueining.

- 4) Det skal ikkje givast løyve til frådelling og tiltak som kjem i konflikt med verdifulle og utrydningstruga naturtypar og naturmiljø, biologisk mangfald og leveområde for sjeldne plantar og dyr.

- 5) Tiltak må ikkje plasserast slik at dei er til hinder for allmenn ferdsel, tilgang til LNF-område eller vidare pårekneleg utbygging i området. Ved frådelling skal det haldast ein minsteavstand til eksisterande eller planlagde turvegar/stiar/skiløyper på 20 meter.
- 6) Det skal ikkje givast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller kulturlandskap, og tiltaka må ligge meir enn 30 meter unna automatisk freda kulturminne, målt frå yttergrensa.
- 7) Tilkomsvegar skal så langt råd leggjast til eksisterande vegar. Nye tilkomsvegar skal ikkje gå over dyrka mark, eller fragmentere og forverre arronderinga til denne. Det skal ikkje givast løyve til tiltak som kan medføre auka trafikk gjennom gardstun.
- 8) Det må ligge føre avkjørselsløyve til offentleg veg.
- 9) Ved frådelling innanfor moglege risikoutsett areal, jf. til ei kvar tid oppdatert informasjon knytt til samfunnsikkerheit og naturfare, må ein dokumentere akseptabel tryggleik gjennom detaljkartlegging, innhente tilstrekkeleg fagkunnig fråsegn om saka og ev. gjennomføre avbøtande tiltak.
- 10) Undersøkingssplikta i høve automatisk freda kulturminne må oppfyllest i løpet av søknadsprosessen.

LNF-områder med spreidd fritidsbusetnad

Innanfor desse områda kan ein tillate spreidd utbygging av fritidsbustader. Det er forbod mot ervervs-, -eller bustadetablering i området.

På bebygde fritidseigedomar i området kan det oppførast mindre bygningar inntil 25 m² bebygd areal. Bygningane kan ikkje innehalde rom for varig opphald.

For fritidsdomter som manglar føring på grad av utnytting, gjeld følgande: Maks. %-BYA=27.

I område med spreidd hyttebygging, kan arbeid og tiltak som nemnd i pbl § 20-1 første ledd bokstav a, d, k, l og m ikkje finne stad nærare sjøen enn 25 meter.

Ved utbygging skal det leggjast vekt på tilpassing til kulturlandskap og eksisterande fritidsbusetnad i området. Utbygging skal fortrinnsvis skje i små grupper, og evt. frådelling vil krevje landbruksmyndigheita si godkjenning.

Nytt område som er avsett til spreidd fritidsbebyggels er merka med LSF i plankart og tabell:

ØVIGE DELAR AV KOMMUNEN	TAL PÅ FRITISDBUSTADER
Storsætra – LSF1	2

31. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7. nr.6)

Sjøområda i kommunen er lagt ut til allmenn fleirbruk, akvakultur, ferdsel, fiske, natur og friluftsområde.

Akvakultur

Eksisterande akvakulturanlegg og lokalitetar med konsesjon er lagt inn i plankartet.

Lokalisering av akvakulturanlegg må nærare avklarast gjennom konsesjonshandsaming etter akvakulturlova. Vidare må det gjennomførast konkrete undersøkingar med omsyn til bølge, vind, straumtilhøve, vassutskifting, botngeografi og forureiningssituasjon.

Fortøyningar til akvakulturanlegg kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur. Fortøyningane skal ikkje gå inn i kombinert område for fiske.

Friluftsområde i sjø

Føremålet gjeld i Ellingsøyfjorden, Skodjevika, Honningdalsvågen og del av Solnørvika.

Ferdselsregulerande tiltak i forhold til båttrafikken kan etablerast ved behov.

Farled og hamneområde i sjø

Omfattar hamneområde på Håhjem og farleder/bi-led i Storfjorden.

Farled og bi-led er merka i plankartet som samferdselsline. Linene indikerer viktig lei for skipstrafikken og må ikkje sjåast som ei definert avgrensing av farleia sitt omfang. Det skal ikkje etablerast anlegg i områda som er til hinder for ferdsel.

Vern av vassdrag

Solnørelva er verna gjennom verneplan IV (1993) for vassdrag. Rikspolitiske retningliner for verna vassdrag skal leggst til grunn for forvaltning av området og i planarbeid.

Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område med inntil 100 m breidd på sidene av desse. Bruken av området vert regulert gjennom særskilt forskrift om rikspolitisk retningsline for verna vassdrag(Lovdata).

III. Føresegner og retningslinjer for omsynssoner (PBL § 11-8)

